



Dette er fangststatistikken for elvane i Hordaland for i fjor.

I 2009 vart det teke opp berre 4729 kilo laks og 3017 kilo sjøaure i elvane i Hordaland og det er den lågaste elvefangst for laks i fylket nokon gong og mellom dei lågaste for sjøaure.

Det går fram av fangststatistikken til Fylkesmannen som no føreligg. Etneelva toppar statistikken men Uskedalselva ligg som nummer to og toppar klart statistikken for elvane i Kvinnherad.



Knut Petter Hagen Thorsen frå Stord fanga ein laks på 9,5 kilo i Uskedalselva i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette var fangsten i elvane i vår kommune i fjor:

* Bondhuselva 14 laks (72 kilo) og 22 sjøaure (27 kilo)

* Guddalselva 10 laks (40 kilo) og 4 sjøaure (3 kilo)

- * Hattebergs- og Melselva 18 laks (berre oppdrettslaks, 75 kilo) og 8 sjøaure (10 kilo)
- * Omvikedalselva stengt for alt fiske
- * Uskedalselva 63 laks (224 kilo) og 276 sjøaure (282 kilo)
- * Æneselva 60 laks (227 kilo) og 31 sjøaure (53 kilo)

Hordaland er det fylket der villaksen har den største tilbakegangen dei siste 20 åra og der laksestammane er mest truga. Det heng saman med at Hordaland er det største oppdrettsfylket, skriv fylkesmannen. Han meiner at dei låge fangsttala dei siste åra speglar tilstanden med lite gytefisk i elvane. 11 av 18 laksestammar vil no bli freda fordi det er for få gytefisk og for høg andel av rømt laks.

Fylkesmannen gjer framlegg om at fiske etter sjøaure vert stogga i alle bekkar og elvar frå og med Øysteseelva til og med Omvikedalselva. 7 lakseelvar som framleis vil vere opne for fiske får redusert fiskesesong, men det gjeld ikkje for Uskedalselva som får uendra sesong, opplyser fylkesmannen til uskedalen.no

I dei 11 elvane der villaksen er freda er rømt laks frå oppdrettsnæringa og lakselus hovudårsaka i 8. I dei tre andre er det mogeleg at også andre årsakar spelar inn i vesentleg grad. Av dei mange elvane som vil verta stengde for fiske etter sjøaure, er lakselus årsaka. Her er Omvikedalselva og Frugardselva på Stord unnatak fordi det der har vore fiskedød grunna lokal forureining.

Av Ola Matti Mathisen